

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/1102-1

Fagskuleutdanning i Sogn og Fjordane fylkeskommune - dei vidaregåande skulane si rolle

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Dei vidaregåande skulane kan ta initiativ til eller bidra til å utvikle fagskuletilbod, innanfor rammene av denne saka.
2. Søknad om godkjenning og eventuell etablering og drift av nye fagskuletilbod utvikla av eller i samarbeid med dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane skal som hovudregel skal skje i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane.
3. Dersom fagskulestyret vurderer at tilbodet ikkje er i samsvar med fagskulen sine strategiar og kompetanse og difor rår at initiativtakarane til å vende seg til andre fagskular eller kompetansemiljø, kan dei vidaregåande skulane vurdere å gjere dette. Det er då ein føresetnad at søknad om godkjenning og eventuell etablering og drift av nye fagskuletilbod skjer i regi av og innanfor dei økonomiske rammene for annan fagskule.

Vedlegg:

E-post av 22.01.2018 frå fylkesdirektøren for opplæring til styret for fagskulen i Sogn og Fjordane v/rektor

Andre relevante dokument i saka:

FT-sak 40/08 *Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane – evaluering av organiseringa vedteken i desember 2004*

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fleire av dei vidaregåande skulane arbeider med å utvikle fagskuletilbod.

Sogn jord- og hagebruksskule har for skuleåret 2017-2018 avtale med Hvam vidaregåande skule om undervisning ved Fagskolen Innlandet, studiestad Hvam vidaregåande skule og Sogn Jord- og hagebruksskule – Økologisk landbruk. Avtalen inneber at deler av undervisninga skal planleggast av og gjennomførast ved Sogn Jord- og hagebruksskule.

Mo og Øyrane vidaregåande skule arbeider med eit nytt fagskuletilbod i Naturbruk og planlegg å vere ferdige med eit framlegg til læreplan i løpet av januar/februar 2018.

Det er tilbydarar av fagskuleutdanning (styra for fagskulane) som søker Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om godkjenning av læreplanar for nye fagskuletilbod. Dersom dei vidaregåande skulane skal lukkast med å søke om godkjenning og eventuelt få etablert fagskuletilbod med bruk av kompetansen hjå sine tilsette og med den vidaregåande skulen som studiestad, må dette vere regulert i avtale med ein etablert fagskule.

Fagskulen i Sogn og Fjordane har tidlegare hatt fleire fagskuletilbod med studiestad vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkesdirektøren ønskjer med denne saka å få avklara dei vidaregåande skulane si rolle når det gjeld fagskuleutdanning i Sogn og Fjordane fylkeskommune;

- kan dei vidaregåande skulane sjølve ta initiativ til eller bidra til å utvikle fagskuletilbod?
- må etablering av fagskuletilbod ved dei vidaregåande skulane skje i samarbeid med Fagskulen i Sogn og Fjordane eller kan skulane inngå avtalar med fagskular i andre fylke?

Uttale frå Fagskulen i Sogn og Fjordane

Som ein del av grunnlaget for vurderinga i denne saka har fylkesdirektøren bede styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane om deira vurdering av korleis dei ser dei vidaregåande skulane si rolle når det gjeld fagskuletilbod og korleis dei ønskjer at fagskulen sitt samarbeid med dei vidaregåande skulane skal vere. I dette ligg også kva moglegheiter fagskulen ser til å utvide sitt tilbod og kva føresetnader som då må liggje til grunn.

I tilbakemeldinga frå fagskulestyret heiter det:

Fagskulen i SF ser det som viktig at samordning og samhandling med dei vidaregåande skulane er vel utvikla, både med tanke på studieretningar, fysisk utstyr og undervisningsressursar. Det same gjeld høgskulesektoren.

Fagskulen i SF har ein klar strategi og definerte satsingsområde.

Fagskulen i SF ynskjer å vere det prioriterte fagmiljøet for dei vidaregåande skulane i SF, i dei tilfella dei ynskjer å utvikle nye studium på fagskulenivå.

Styret i fagskulen tek avgjerd i slike saker, og tek stilling til finansiering og søknad godkjenning av studium. Dersom styret avgjer at studiet ikkje er i samsvar med strategiar og kompetanse, vil styret vanlegvis tilrå at initiativtakarane vender seg til andre fagskular eller kompetansemiljø. Fagskulen er i prosess der målet er utvida samarbeid med andre fagskular.

Fylkesdirektøren si vurdering

Kan dei vidaregåande skulane sjølve ta initiativ til eller bidra til å utvikle fagskuletilbod?

I FT-sak 26/13 *Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024* vart det m.a. vedteke (punkt 13 i vedtaket) at samarbeidet mellom skulane må styrkast og utviklast. Fylkesdirektøren la fram notat om samarbeidet mellom skulane for hovudutvalet for opplæring på møtet 24.11.2015. Fylkesdirektøren si vurdering er at også samarbeidet mellom dei vidaregåande skulane og Fagskulen i Sogn og Fjordane bør utviklast. Vidareutvikling av samarbeid og tilbod bør kunne initierast både frå fagskulen og frå dei vidaregåande skulane. Utviklingsarbeidet skal bidra til å styrke både den vidaregåande opplæringa og fagskuleutdanninga og bidra til å auke kompetansen i næringslivet i fylket.

Må etablering av fagskuletilbod ved dei vidaregåande skulane skje i samarbeid med Fagskulen i Sogn og Fjordane eller kan skulane inngå avtalar med fagskular i andre fylke?

I FT-sak 40/08 *Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane – evaluering av organiseringa vedteken i desember 2004* vedtok fylkestinget at fagskulane i Måløy og Førde vart slegne saman til ein skule, Fagskulen i Sogn og Fjordane. Det vart i saksutgreiinga lagt vekt på at Fagskulen i Sogn og Fjordane etter dette ville vere ein organisasjon som i større grad ville ta i vare prinsippa om einskapleg administrasjon og samordning mellom tilbydarane av fagskuleutdanning i fylket. Organiseringa med ein skule legg til rette for å kunne integrere eventuelle nye fagskuletilbod t.d. ved dei vidaregåande skulane, under ein felles administrasjon

Fylkesdirektøren ser det som naturleg at prinsippa som fylkestinget la til grunn for organisering av fagskuleutdanninga vert lagt til grunn også når det gjeld eventuelle fagskuletilbod initiert av dei vidaregåande skulane. Dette inneber at søknad om godkjenning og eventuell etablering og drift av nye fagskuletilbod utvikla av eller i samarbeid med dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane som hovudregel skal skje i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane. Endringane i finansieringsordninga for fagskuleutdanninga frå 2018, med tildeling av midlar til fylket der utdanningsinstitusjonen ligg, underbyggjer også dette.

Dersom fagskulestyret vurderer at tilbodet ikkje er i samsvar med Fagskulen i Sogn og Fjordane sine strategiar og kompetanse og difor rår initiativtakarane til å vende seg til andre fagskular eller kompetansetilbud, kan dei vidaregåande skulane vurdere å gjere dette. Det er då ein føresetnad at søknad om godkjenning og eventuell etablering og drift av nye fagskuletilbod skjer i regi av og innanfor dei økonomiske rammene for annan fagskule.